

Investerings tiltak som er valde i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025**Kapittel: Politiske vedtak**

Tiltak	023: KS 35/17 Justeringsrett bibliotek
Beskrivelse	Det er inngått avtale om justeringsrett på moms. Avtalen skal gå over 10 år, dei to første utbetalinga var i 2018 (for 2017 og 2018). Kommunen har ingen årlege kostnader ved dette. NE

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	153 968	153 968	153 968	153 968	615 872
Sum annet	-153 968	-153 968	-153 968	-153 968	-615 872
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	027: KS 38/18 Disponering av arv til Samnangerheimen
Beskrivelse	Vedtak: Arven som er ei gåve til Samnangerheimen vert disponert ut over ein 8 års periode med 375 000,- kvart år fom 2018. Det kan under spesielle omstendigheiter forskuddterast eit år med max 375 000 kr, evt overførast restbeløp frå eit år til neste dersom midlane ikkje er brukt i inneverande år. Midlane kan kun brukast til investeringar knytta til Samnangerheimen og ikkje i drifta. Formannskapet vil bli orientert kvart år om kva midlane har vorte brukt til. pr 1.1.21 er det att 2 mnok. I 2022 vil kjøp av sjukesenger bli prioritert.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	468 750	468 750	468 750	468 750	1 875 000
Sum fond	-375 000	-375 000	-375 000	-375 000	-1 500 000
Sum annet (momskomp)	-93 750	-93 750	-93 750	-93 750	-375 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	026: KS 81/20 Dagsturhytta, tilbakebetaling tippemidlar
Beskrivelse	Kommunen har søkt om tippemidlar til dagsturhytta og forventar at dette vert betalt ut innan 2023. kr 382 000 vert betalt tilbake til ubunde investeringsfond.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	0	382 000	0	0	382 000
Sum tilskudd	0	-382 000	0	0	-382 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	031: KS 61/18 m.fl. Badevik Bjørkheim - tippemidlar
Beskrivelse	Prosjektet er avslutta og det er søkt om kr 649 000 i tippemidlar. Forventa utbetaling er i 2023.

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	0	649 000	0	0	649 000
Sum tilskudd	0	-649 000	0	0	-649 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Kapittel : Andre tiltak, ikt, pc mm

Tiltak	042: 1210.1205 Investeringstilskot IKTNH
Beskrivelse	IKT Nordhordland har i 2022 planlagt investering i nye terminalserverløyisingar som dekkar alle kommunane, både i sikker og open sone, i tillegg til utskifting av sentralt serverutstyr. Samnanger sin andel av kostnaden er iht IKTNH sitt budsjett 118 802 kroner i 2022. Denne utgifta kan førast som investering. Det må reknast med tilsvarande årleg investeringskostnad også i 2023, 2024 og 2025.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	148 750	148 750	148 750	148 750	595 000
Sum fond	-119 000	-119 000	-119 000	-119 000	-476 000
Sum annet	-29 750	-29 750	-29 750	-29 750	-119 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	028: 2000 Planlagt utskifting av elev-pc
Beskrivelse	Det er pc i alle klassetrinn fom 4.klasse. I tillegg fekk 1.-3. nettbrett våren 2021. Styret i IKTNH, som består av rådmenn, har bestemt at kommunane ikkje skal ha PC som er eldre enn 6 år rekna frå produksjonsdato. Utskifting av klassesett av PC kan førast som investering dersom sum er over kr 100 000. Me må i budsjettet legge inn planlagt utskifitng av eldre PC-ar. Ein gjennomgang viser at me vil ha behov for å skifte ut 57 pc i 2021, 10 i 2022 (må i drift) og 0 stk i 2023 og ca 30 i 2024. Pris pr elev-pc er om lag kr 4 000 .NE 16.10.21

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	0	0	150 000	125 000	275 000
Sum fond	0	0	-120 000	0	-120 000
Sum annet	0	0	-30 000	-25 000	-55 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	100 000	100 000

Driftskonsekvensar	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum netto driftskonsekvensar	40 000	0	0	100 000	140 000

Tiltak	040: 6300 Amfi/terrasse til dagsturhytta
Beskrivelse	Dagsturhytta ved Kvernesvatnet er på plass. Det er behov for ein amfi/terrasse rundt hytta for å kunne koma seg opp til alle sitteplassar som er innebygd rundt hytta, på ein god måte. Ein amfi vil rundt hytta vil gje fleire sitteplassar, og kunne brukast til små konsertar. Eiin terrasse rundt delav av

hytta vil bidra til at ein kjem meir tørrskodd til inngangspartiet.

I utgangspunktet var planen å søke spelemidlar til tiltaket (materiale m.m.), og bruke arbeidstimar for utførelse av arbeidet v. teknisk drift som eigendel til søknaden. Teknisk drift har ikkje høve til å prioritere oppgåva på nokre år, og me ønskjer difor å finna andre løysingar som gjer at me kan fullføra prosjektet tidlegare. Eit alternativ kan vera å betala eit frivillig lag for oppdraget, eller kjøpa andre tenester.

Me ønskjer å auka søknadssummen i spelemiddelsøknaden til dagsturhytta, som allereie ligg inne. Den nye søknadssummen vil generera auka tilskot. Dei ekstra kostnadane med ein amfi/terrasse er estimert til å vera ca 123 000 inkl. mva. Prosjektet har kr 21 000 i ubrukne midlar (kommunal eigendel) i 2021, som vert overført til 2022. Den kommunale eigendelen vil auka med ca kr 36 000 i 2022 dersom driftstiltaket vert godkjent.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	115 000	0	0	0	115 000
Sum fond	-56 754	0	0	0	-56 754
Sum annet	-58 246	0	0	0	-58 246
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	025: 7200 Konsekvensjustert Formidling husbanklån
Beskrivelse	Avdrag startlån (utlånt del) skal først i investeringsrekneskapen og blir betalt av låntakar. Saldo på startlån pr oktober 2021 er 0,8. mnok. Det vil bli tatt opp nytt lån på 5 mnok i nov. 2021. Vurderinga er at det ikkje er behov for å ta opp nytt lån i 2022. NE

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	263 000	211 000	212 000	260 000	946 000
Sum annet	-263 000	-211 000	-212 000	-260 000	-946 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	024: 9001 Konsekvensjustert. KLP EK-tilskot finansiert med fond
Beskrivelse	Eigenkapitaltilskot blir ført i investering og kan enten finansierast med overføring frå drift eller bruk av ubunde investeringsfond. Frå 2014 er KLP kommunen sin leverandør på pensjon. Ein del av kostnaden blir eigenkapitaltilskot som skal først i investering med finansiering frå fond eller drift. EK-tilskotet er 0,25 % av premiereserven som er estimert til 180 758 905 (kr 452 000) + 0,55% av pensjongsgrunnlaget for sjukepleiarane kr 14 137 612 (kr 78 000) Totalt kr 530 000. Alternativ finansiering er overføring frå drift. NE

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	530 000	530 000	530 000	530 000	2 120 000

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025

Sum fond		-530 000	-530 000	-530 000	-530 000	-2 120 000
Netto finansiering nye tiltak		0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar		0	0	0	0	0

Tiltak	030: 9002 Fellesfinansiering av tiltak med lån
Beskrivelse	Bruk av lån skal sjåast i samanheng med alle tiltak som skal lånefinansierast. I økonomiplanperioden er det tiltak knytt til VA , veg og bygg som vert finansiert med lån. Unyttta lånemidlar kr 450 000. Lån er berekna med 1 års avdragsfrihet, rente som estimer t i Kommunalbanken pr oktober: 2022 1,81%, 2023 2,35%, 2024 2,6% og 2025 2,65 %.NE

		2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum lån		-20 450 000	-20 000 000	-9 200 000	-5 300 000	-54 950 000
Netto finansiering nye tiltak		-20 450 000	-20 000 000	-9 200 000	-5 300 000	-54 950 000
Driftskonsekvenser		2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Renter og avdrag (9001)					
Sum netto driftskonsekvensar		181 000	1 199 125	2 131 000	2 533 769	6 044 894

Kapittel : Samnanger kyrkjestyre	
Tiltak	034: Samnanger kyrkjestyre - Nye kyrkjedører på Ådland
Beskrivelse	Ytter-dørene på Ådland må skiftast. Det er ikkje mogeleg å reparere på dei lenger. Det er 3 store, doble dører og 2 enkle, mindre. Prisestimat kr 390 000

		2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer		390 000	0	0	0	390 000
Sum fond		-390 000	0	0	0	-390 000
Netto finansiering nye tiltak		0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar		0	0	0	0	0

Tiltak	035: Samnanger kyrkjestyre - ringjeanlegg på Ådland
Beskrivelse	HMS-tiltak. Trappene opp til tårnet er for bratte og ikkje godkjent. Ringinga med tau er tungt arbeid og det er berre folk med opplæring som kan gjere dette. Automatisk ringjeanlegg kan gjere arbeidet enklare, sikrere og det kan og fjernstyrast. Prisanslag kr 220 000

		2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer		0	220 000	0	0	220 000
Sum fond		0	-220 000	0	0	-220 000
Netto finansiering nye tiltak		0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar		0	0	0	0	0

Kapittel : VA- investering

Tiltak	018: 4201. Prosjekt Ytre og Indre Tysse -vatn og avløp 2022-23
Beskrivelse	<p>Kontrakt inngått i 2021 med Odland maskin, totalsum kr 4 355 000. Litt avhengig av veret vil ca 1,8 - 2 mnok bli fakturert i 2021. Resten vert lagt inn i budsjett 2022 med 2 555 000 fordelt likt på VA .I tillegg kjem pumpestasjon vatn kr 659 785 NE</p> <p>Vatn Inntekt 2021: 30.000 kroner tilknytning - 2 nye abonnenter Inntekt 2022: 222.000 kroner tilknytning - 17 nye abonnenter</p> <p>Avløp: Inntekt 2021- 146. tilknytning - 9 abonnenter Inntekt 2022 - 177.000 tilknytning - 12 abonnenter</p> <p>Safa - inntekt tilknytning på avløp, er ikkje budsjettet her.</p> <p>Løysing for privat vassverk er ikkje med i budsjettet.</p> <p>VA trase Ytre Tysse vert samkjørast med plan for straum/ tele som skal leggst i same grøft.</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	3 550 000	0	0	0	3 550 000
Netto finansiering nye tiltak	3 550 000	0	0	0	3 550 000
Driftskonsekvenser	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Stab teknisk forvaltning (4100)				
Sum netto driftskonsekvensar	-75 991	0	0	0	-75 991

Tiltak	017: 4201 Framtidig investering VA-infrastruktur (2022-25)
Beskrivelse	<p>Vidareført i 2022. Nye VA ledningar Haga, Steinsland, Bjørkheim og Nordbygda , Rødne med meir.</p> <p>30% Lønn til prosjektleiar for investeringprosjekt.</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	16 000 000
Netto finansiering nye tiltak	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	16 000 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	029: 4201 Pågår - vatn reservevassforsyning pålegg
Beskrivelse	<p>Mattilsynet har pålagt kommunen å ha reservevassforsyning for Myra vassverk. Det er stipulert til 3 mill (02.10.18 Nils Jonny Skar)</p> <p>Prosjektet vart forsinka pga forseinka pga Covid og skifte i prosjektleiinga. Prosjektering pågår no og målet er å få det realisert tidleg i 2022. Mattilsynet har godkjent forsinkinga.</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	3 000 000	0	0	0	3 000 000
Netto finansiering nye tiltak	3 000 000	0	0	0	3 000 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	013: 4202 Garasjebygg og kontor til teknisk drift
Beskrivelse	<p>Teknisk drift heldt til på Frøland i BKK sitt bygg. Dei har pr i dag ikkje leigeavtale, og teknisk drift (TD) jobbar med å få avklart status for vidare leige/oppseiing. Dersom avtalen ikkje vert forlenga treng TD ny garasje, hall, verkstad og kontor. Behovet for lokale til TD kan verte sett i samanheng med behovet for ny branngarasje, der det kan vera mogleg å få til sambruk av ulike funksjonar som oljeavskillar, vaskehall, skitten og rein sone. Det er vurdert pris med stålhall. Inkludert betongplate, elektro og røyr er prisen estimert til om lag 3,5 mnok. Nytt kostnadsoverslag bør verte utarbeid om sambruk med brann. Alternativet med felles løysing for brann og TD om felles tomt, samt få utarbeidd felles romprogram er under arbeid. Byggestart føresett godkjent reguleringsplan for Bjørkheimsområdet og godkjent responstid for brann. Viser til brann sitt tiltak.</p> <p>Interne ressursar prosjektleiing, planlegging/kontrakt/byggeleiing/ 150.000 kr i 2022 må sjåast i samanheng med branngarasje.</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	0	3 000 000	0	0	3 000 000
Netto finansiering nye tiltak	0	3 000 000	0	0	3 000 000
Driftskonsekvenser	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Eigedom (4202)				
Sted	Ansvar: Veg og kaiområde (4203)				
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	-97 100	-97 100	-194 200

Tiltak	003: 4202.3391 Branngarasje oppgradering iht byggrapport 5 mnok
Beskrivelse	<p>Dagens brannstasjon stettar ikkje krav til HMS, eller regelverket for brannstasjonar. Bedriftshelse 1 har kartlagt og risikovurdert brannstasjonen samt arbeidsforholda til menneskapa. Rapporten gjev og høve for kortsiktige og mellombels tiltak inntil vidare.</p> <p>Eit alternativ er å oppgradere noverande branngarasje dersom den ikkje blir erstatta med ny. Eit alternativ kan også vera å riva noverande branngarasje og erstatta den med eit nytt bygg same stad.</p> <p>I 2021 vart det starta eit forprosjekt for utgreiing ny branngarasje, men arbeidet stansa dessverre opp i ein periode i samband med skifte av rådmann. Arbeidet er no i gang att og vi ser no på eit alternativ om felles løysing med teknisk drift om felles tomt, samt få utarbeidd felles romprogram. Byggestart føresett godkjent reguleringsplan for Bjørkheimsområdet og godkjent responstid ut frå lokaliseringa. Dette skal gje grunnlag for kva alternativ som bør veljast og realiserast i 2022-23.</p> <p>Kostnadsprognosane for ny branngarasje er per no (oktober 2021) usikre.</p> <p>Intern prosjektleiing/planlegging/kontrakt 150.000 kr i 2022 og tilsvarande for teknisk driftgarasje.</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	1 500 000	5 000 000	0	0	6 500 000
Sum annet	-250 000	-1 000 000	0	0	-1 250 000
Netto finansiering nye tiltak	1 250 000	4 000 000	0	0	5 250 000

Sum netto driftskonsekvensar		0	0	0	0	0
-------------------------------------	--	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	014: 4202. Kommunehuset - sikkerheitstiltak og digitalisert nøkkelsystem - HMS-tiltak pri1
Beskrivelse	<p>Sikkerheita og nøkkelsystemet på kommunehuset er ikkje i tråd med HMS-reglar og innvendige dører er ikkje låsbare. Besøkande kan ta seg inn i huset og besøke tilsette utan varsel på førehand. Det hastar difor med å trygge sikkerheita for tilsette på kommunehuset. NAV inngår og som ein del av dette!</p> <p>Det må gjerast noko ombygging og nye hovuddører må settast inn. Nøkkelsystemet bør vera digitalt og gjeld ytterdør og dørar som skill mellom etasjene. Innvendige dører til kontora må ha nye nøklar og låser. Det vert for kostbart og digitalisere desse. Nytt nøkkelsystem på kommunehuset kan og byggjast vidare ut på andre kommunale bygg. Neste bygg som bør få nytt digitalt nøkkelsystem er ungdomsskulen. Kostnaden på kommunehuset er stipulert kr. 300.000</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	375 000	0	0	0	375 000
Sum fond	-300 000	0	0	0	-300 000
Sum annet	-75 000	0	0	0	-75 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	015: 4202.1300 HMS- Kommunehuset ventilasjon - oppgradering iht byggrapport 2021
Beskrivelse	<p>Kommunehuset har behov for store oppgraderingar. Visar og til statusrapport for kommunale bygg 2019. Viktigaste er å få ventilasjon på kontora og utvendig solavskjerming. I tillegg er det behov for å diverse HMS- og tryggleik-tiltak på kontora for tilsette, lydisolering, utskifte av lys, mm. Tiltaket kan settast i gang 2023.</p> <p>Interne ressurser i 2022 - 300.000 planlegging/prosjektleiing/kontrakt.</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	300 000	10 000 000	0	0	10 300 000
Sum annet	0	-2 000 000	0	0	-2 000 000
Netto finansiering nye tiltak	300 000	8 000 000	0	0	8 300 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	032: 4202.2221 Universell utforming barneskulen - elevtilpassing
Beskrivelse	<p>Barneskulen får ein elev på skulen hausten 2022 som sit i rullestol.</p> <p>Det er nødvendig med tilpassing på skulen for denne eleven. Kostnad kr. 200.000+mva</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	250 000	0	0	0	250 000
Sum fond	-200 000	0	0	0	-200 000
Sum annet	-50 000	0	0	0	-50 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	0	0	0

Sum netto driftskonsekvensar		0	0	0	0	0
-------------------------------------	--	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	041: 4202.2659 Ny omsorgsbustad Reistadliane 39
Beskrivelse	Kommunestyret vedtok 21.10.2021 (sak 096/2021) at det skal byggjast ein ny omsorgsbustad+ i Reistadliane 39, Budsjett er sett til inntil 5 millionar kroner. Bygginga må skje snarast mogleg. Det bør verte søkt om tilskot frå Husbanken til tiltaket. Per 25.10.2021 er det ikkje endeleg avklart om kommunen kan få tilskot eller kor stort eit eventuelt tilskot vil bli. JEB.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	6 250 000	0	0	0	6 250 000
Sum annet	-1 250 000	0	0	0	-1 250 000
Netto finansiering nye tiltak	5 000 000	0	0	0	5 000 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	004: 4202 Uteområde skule og barnehage - Universell utforming - Alle skal med
Beskrivelse	<p>Uteområda - skuleplassane på barneskulen og leikeområda i begge barnehagane er lite universelt utforma. Vi har og får barn som har behov for betre tilrettelegging. Dessutan står desse områda for tur og treng opprusting! Det må verte lagt nye faste dekke i tråd med forskrifter, nye tilrettelagt universelle leikestativ, samt det må til ei utskifting av leikestativ som appellerer til dei unge. Gamle leikestativ må fjernast.</p> <p>Det bør rustast opp for 1 million på kvar skule og kvar barnehage. Totalt 4 mill. Der vi i 2022 ruster opp uteområda på skule, og barnehagane i 2023.</p> <p>10% prosjektleiing/plan/kontraktoppfølgning i 2022 HLV</p> <p>Prosjektet vert flytta til 2024</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	0	0	5 000 000	0	5 000 000
Sum annet	0	0	-1 000 000	0	-1 000 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	4 000 000	0	4 000 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Kapittel : Veg, kai mm	
Tiltak	019: 4203 3321 Tur-/gangsti Hagabotnane idrettsanlegg 2021/22
Beskrivelse	<p>Kommunestyret har vedteke å bygge tur-/gangsti til Hagabotnane frå Steinsland/Gjerde til Hagabotnane. Tiltaket var først planlagt med ein anna trasee og som eit meir forenkla tiltak. Traseen som no ligg til grunn har kortaste vegen til idrettsanlegget og går langs vassleidninga til SK. Den bør verte ei avlasting for, og redusere behovet, for å køyre til idrettsanlegget.</p> <p>Framdrift i to alternativ med og utan reguleringsplan;</p> <p>1.Turtrase på kommunen sin VA-leidning mellom Steinsland og Hagabotnane. Byggje utan reguleringsplan: I overslaget inngår:</p> <p>Sprenging, planering og bygging av turveg. Grusing i ca 2,5 meters bredde.</p> <p>Turlys med tilhøyrande kabelgrøft, straumnett/tilkobling av veglysa, anna elektrisk.</p> <p>Gjerding mot beite inkl. porter</p>

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025

	Sum: 1 mill.kr eks mva
	2. Regulere- og byggje over VA- trasèen. Kommunen set i gang ein reguleringsplan for å kunne ekspropriere arealet til føremålet turveg. Grovt estimert vil plankostnader ligge på 200.000 kr, i tillegg kjem kostnader med ekspropriasjon og erstatning.
	Sum: 1,5 mill. kr. eks mva

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	1 875 000	0	0	0	1 875 000
Sum annet	-375 000	0	0	0	-375 000
Netto finansiering nye tiltak	1 500 000	0	0	0	1 500 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	020: 4203.3320 Opprusting av kommunale vegar, bruer og kaier
Beskrivelse	<p>Vidareført frå 2021 -</p> <p>Plan for vegvedlikehald viser kva vegar som treng opprusting og fornying. ROS-analyse og TS-plan ligg til grunn for prioriteringar. Det er eit etterslep på vegvedlikehaldet for opprusting av kommunale vegar. Arbeid som skal gjerast er renovering og opparbeiding av grunn, murar mm. Større utbetringar må verte laga som eige prosjekt, og vil ofte inngå der infrastruktur for VA må verte gjennomført samstundes. Foprojektet maseutskifting og VA Nordbygda-Skintveit i 2022 og bygging i 2023. Nordbygda - Steintveit er lagt inn som eige prosjekt i 2023.</p> <p>Bruer og kai: lovpålagt - ny kontroll i 2022 ca 200.000: Sikring av bruer er lovpålagt med årlig inspeksjon som viser at tiltak må settas inn straks. Dei bruene som må gjerast strakstiltak på er Tysse og Rolvsvåg kai, Tyssereinane bru 2 og Rolvsvåg bru, samt bru på Ådland .</p> <p>Alternativet er å redusere akseltrykket, eller stenge.</p> <p>Intern Prosjektleiing 10% -</p>

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	1 975 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000	5 725 000
Sum annet	-375 000	-250 000	-250 000	-250 000	-1 125 000
Netto finansiering nye tiltak	1 600 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 600 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	016: 4203.3320 Underadressering - nummerering av bustad- og fritidsbustadadresser
Beskrivelse	Adressering av undernummerskilt starta hausten 2019. Prosjektet er er ikkje slutført og det trengs ytterlegar kr. 200.000 for å komme i mål med heile arbeidet. Tiltaket er tenkt finansiert med bruk av fond.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	0	250 000	0	0	250 000
Sum fond	0	-200 000	0	0	-200 000

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025

Sum annet		0	-50 000	0	0	-50 000
Netto finansiering nye tiltak		0	0	0	0	0
Sum netto driftskonsekvensar		0	0	0	0	0

Tiltak	021: 4203.3320 Veg - skifte til LED-lys på kommunale vegar og fylkesveg
Beskrivelse	vidareført frå 2021 Samnanger kommune har ansvar for veglysa på både fylkesveg og kommunale vegar. Veglysa bør verte skifta til nytt lysameratur og ta i bruk LED-lys. LED-lys vil vera energibesparande. Det er 377 lampar på kommunale vegar og 1530 lampar på fylkesvegar. I 2020 er det skifta ut ca 77stk. i 2021 er det planlagt å skifte ca 80. Utskiiftinga er på etterskot pga Corona. Prosjektet bør ha kr. 200.000 til årleg utskifting

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	250 000	250 000	250 000	250 000	1 000 000
Sum fond	-200 000	-200 000	0	0	-400 000
Sum annet	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-200 000
Netto finansiering nye tiltak	0	0	200 000	200 000	400 000

Driftskonsekvenser	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Interne finansieringstransaksjonar (9002)				
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	200 000	200 000	400 000

Tiltak	044: 4203.3320 - tilkomst helsetun og merking sjukeheim mm
Beskrivelse	Det er nødvendig å endre på tilkomster til helsetunet slik at den vert meir universelt utforma (kr 250 000). I tillegg vert det lagt inn kr 50 000 til nødvendig merking av parkeringsplass pri 1 er er sjukeheim.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	312 500	0	0	0	312 500
Sum annet	-62 500	0	0	0	-62 500
Netto finansiering nye tiltak	250 000	0	0	0	250 000

Driftskonsekvenser	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Veg og kaiområde (4203)				
Sum netto driftskonsekvensar	50 000	0	0	0	50 000

Kapittel : Fleirbrukshall/ idrettshall	
Tiltak	011: 4202. Fleirbrukshall/idrettshall
Beskrivelse	Kommunestyret har vedteke at det skal byggjast fleirbrukshall/idrettshall i Samnanger. Det er inngått avtale om innleige av konsulent frå ABO Plan og Arkitektur AS (ABO) for å jobbe fram prosjektet om å etablere fleirbrukshall/idrettshall i Samnanger. Framdrifta for prosjektet er: - Desember 2021 - få godkjent prosjektplan i kommunestyret

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025

- Januar 2022-okt 2022 Oppstart reguleringsarbeid, Utlysing av anbudskonkurranse, prekvalifisering av tre entreprenører, val av totalentreprenør.
- April 2023- mai 2023 Godkjent rammeløyve og konkret Totalentreprise og igangsettingsfase - Byggefase.

Målet for prosjektet er planlegge i 2022 og finne plassering og kostnad. Kjøp av tomt i 2022/23 og regulering. Byggestart for totalentreprenør i 2023 og bygging i 2023 og 2024.

Sak om prosjektplan for fleirbrukshall/idrettshall vil etter planen koma opp i kommunestyret 02.12.2021, før handsaminga av budsjett/økonomiplan 2022-2025.

Summane i dette tiltaket er basert på kostnadsoverslag gjort av ABO Plan & Arkitektur AS ved bruk av kalkulasjonsverktøyet ISY Calcus BIM v.8.1. Verktøyet tek utgangspunkt i enheitsprisar frå Norsk prisbok 2021 versjon 2. Kostnaden vil vera avhengig av kvar hallen skal byggjast, storleik m.m., og endeleg kostnadsoverslag vil først kunne gjerast når dette er bestemt.

Fordelinga av utgiftene mellom åra i økonomiplanperioden er også basert på forslag frå ABO.

Intern prosjektleiing og byggjeleiing - med interne ressursar som vert løn over investeringsbudsjettet. I 2022 - 20% , 2023- 60%, og 100% i 2024.

Renta på låneopptak i byggjeperioden vert kostnadsført som del av investeringa fram til bygget er ferdig.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	5 800 000	31 500 000	52 700 000	10 000 000	100 000 000
Sum tilskudd	0	0	0	-10 000 000	-10 000 000
Netto finansiering nye tiltak	5 800 000	31 500 000	52 700 000	0	90 000 000
Sum netto driftskonsekvensar	0	0	0	0	0

Tiltak	045: Låneopptak til fleirbrukshall/ idrettshall
Beskrivelse	Låneopptak i samsvar med framdriftsplan frå ABO. Renta på lånet vert i byggjeperioden ført som del av investering. Kommunen må forskottera forventa tilskot og utbetalinga av tilskot vil bli nedbetalt på lån i 2025. Prognose på renteutvikling frå Kommunalbanken vert brukt. Renta som er brukt er 2022 er i 1,81 %, 2,35% 2,6 % og 2,65 % i 2025.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum lån	-5 800 000	-31 500 000	-52 700 000	0	-90 000 000
Netto finansiering nye tiltak	-5 800 000	-31 500 000	-52 700 000	0	-90 000 000